
Fra: Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>
Sendt: søndag 18. november 2018 22:50
Til: Postmottak Lindås
Emne: Hjelp til kontakt med ny eigar i Halsteinadlen.

Lindås kommune ved landbruksavdelinga.

Det kom for eit par år sidan ny eigar av bruket i Halsteindalen. Og det bruket er hovudinvestor i skogsbilveg,- som er felles for bruk på Kleivdal og Gausereide. Denne vegen har reglar som gjekk ut ved utgangen av 2015. To av av partane som har rett til å bruka vegen har teke ut heller store mengder tømmer. Ein som ikkje er parteigar har og fått frakta ut tømmer,- og det utan avtale!(?) Vegen er betydeleg skada (store slagholer) og etter reglane er det skadegjerar som skal ordna etter seg.

Skogansvarleg ved landbrukskontoret har freista få til treff mellom partane. Utan at noko har skjedd! - *No over eitt år etter at skaden er gjort*, - må vi andre framleis humpa oss i veg med traktor som best vi kan. Men det heiter skogsbilveg!

Må be om at eg får **namn og bustadadresse** til den "nye" eigaren i Halsteindalen (=største parteigaren).

Tida er overmogen til at vegen vert ordna. Eg har no bede ein dugande entreprenør til å sjå på vegen og gje ein pris på vølinga. Så har vi noko konkret å gå ut frå. Og partane må snakka saman. Også for å setja opp nye og relevante reglar!

Bed om at skogansvarleg ved landbruksetaten i Lindås kommune tek initiativ til ei samkome melleom partane. Før vinteren set inn og vanskeleggjer vegarbeid. (For meg vert det *noko feil* om eg skal samla partane! Må likevel freista med kontakt med største parteigar om det ikkje ordnar seg på anna vis.)

- Det kan umogeleg vera underteikna som har ansvar i dette høve. Men eg er pålagd av skogetaten til å gjera arbeid på vår veg. *Det* freistar eg gjera noko med (innimellom andre gjeremål) og må difor køyra ein del på den skada vegen.

I forhold til kor enkelt det bør vera å få vegen i god stand,- fortonar det seg som rein meiningsløyse at ingen av dei som burde teke ansvar tek det og ordnar opp.

Det er mogeleg tida er mogen for ei oppjustering av vegen. Men det får bli ei eiga sak!

Med vennleg helsing Reidar Furelid